



STRAND KOMMUNE

Dato: 23.10.2024

Dykkar ref.:

Vår ref.: 23/627 / 24/35065 / VASREI

Til:

Brit Bjåstad			
Harald Ur	Vervikhagen 24	4121	Tau
Helena Breivik	Ugelivegen 16	4120	Tau
Ingunn Gjeitanger			
Isabell J. Fiskå			
Kine Marie Krogh Olesen			
Linda Holta	Velandsvegen 303	4121	Tau
Oddvin Ur	Vervikhagen 24	4121	Tau
Randi Holta Ur	Vervikhagen 20	4121	Tau
Renate Hetlelid Gjerde	Heggheimsvegen 140	4121	Tau
Siv Astri Lekvam	Heggheimsvegen 261	4121	Tau
Siv Elisabeth Karlsen	Kongsteinsvegen 15a	4120	Tau
Trine Margot Østerhus	Sørskårvegen 462	4121	Tau
Sørskår			
Øyvind Mikal Ur	Sørskårvegen 271	4121	TAU

Referat frå FAU/SU/SMU 15.10.2024 Nordre Strand oppvekstsenter

Tid: Kl. 19.00 – 20.00

Stad: NSO - personalrom

Til stades: Brit Bjåstad, Harald Ur, Helena Breivik, Ingunn Gjeitanger, Kine Marie Krogh Olesen, Oddvin Ur, Siv Astri Lekvam, Siv Elisabeth Karlsen, Trine Margot Østerhus Sørskår, Øyvind Mikal Ur

Forfall: Isabell J. Fiskå, Linda Holta, Randi Holta Ur, Renate Hetlelid Gjerde

Merknad til innkalling:

Saklista var oppdelt i skule og barnehage. Fleire av sakene som stod under skulen gjeld også for barnehagen.

Sak 1

Ordensreglement blei gjennom gått. Dette blei også sendt ut i innkallinga til møte. Det ligg også på heimesida til skulen.

FAU vil endre på inneløyve: Dei som ikkje kan oppføre seg må ut. Ikkje heile klassen.

Elles blei ordensreglementet godkjent, også det at elevane framleis ikkje skal ha mobiltelefon på skulen.

Dei som treng å ha med seg mobiltelefon på skulen fordi dei skal noko etter skuletid, må ha ein avtale med lærar/rektor.

Sak 2 Skulen

a.

Mobiltelefonen blir av nokre elevar brukt på bussen, til å spele musikk, ta bilete med og filme.

Med tanke på brudd på skulen sitt ordensreglementet og personvernet til elevane er ikkje dette akseptabelt.

I ordensreglementet til skulen står det i pk.4 a):

Det er ikkje lov å ha med seg mobil på skulen, på SFO og på skulebussen. Mobiltelefonar blir inndregne og plassert på kontoret. Her kan dei hentast av foreldre/føresette.

**Unntak: Dersom heimen meiner at eleven har bruk for telefon etter skuletid til private føremål, bed me dykk om å ta kontakt med skulen for å avklare dette. Mobilen skal då vere avslått på skulebussen, på SFO og i skuletida.*

Elevane kan ha med seg fotball på skulen, så lenge dei har han i ein sekk eller pose i gangen. Blir ikkje dette overholdt må ballen ut i luftesvålå. Leiker eg berre lov på ha-med-dag.

Melding heim til føresette om bussreglar igjen? Ifht at dette er vedtatt av FAU òg. Bruk av mobil i skuletida vil føre til inndraging, og føresette må hente på kontoret. Ligg han avskrudd i sekken og lærar har fått beskjed, er det greitt.

Bruk av mobil på buss vil føre til beskjed heim til føresette, der me forventar at føresette snakkar med barnet sitt om dette.

b.

NSO jobbar kontinuerleg med banning og språk. Med stort fokus har språk og banning blitt litt betre.

c.

Hausten 2023 ville skule prøve med i hovudsak berre leselekse. På SU møte våre 2024 blei det bestemt at elevane trong å få øve heime på det dei læret på skulen. Fleire elevar treng mengdetrening i fleire fag. Denne hausten har elevane lekser igjen. 5. – 7. trinn kan få starte på leksene i slutten av timen. Arbeidar elevane godt i timane, kan dei bli ferdige med leksene og sleppe heimelekse.

d.

Skulen har fått tilbakemelding på at det er mykje skrik og bråk på skulebussen, elevar som spring rundt og byter plass mens bussen køyrer. Heldigvis er dette berre få elevar, men slik kan me ikkje ha det med tanke på elevane sin sikkerheit.

Lærarane skriv på vekeplan og viser til bussreglane våre. Me vil også ta kontakt med dei foreldra det gjeld.

e.

Me er veldig glade for skulefrukta elevane får. Tre dager med frukt og rester til SFO eller barnehagen. Takk til lokale bedrifter.

f.

Det er viktig at foreldre/føresette parkerer ved anvist plass ved levering/henting av barnehage -og skulebarn både om morgonen og ettermiddagen.

Det ser av og til litt farleg og kaotisk ut, spesielt på ettermiddagen på dei dagane alle elevane sluttar kl. 14.30.

g.

FAU vil lage eit skriv til IST Home med forbettringsalternativ for føresette. Det er funksjonar som dei tykkje den nye appen manglar.

Alle føresette på NSO er inne i IST Home.

Det er ikkje alle føresette som har lagt inn opphaldsplan på SFO sine sider. Det er fint om dette blir gjort.

I barnehagen fungerer IST Home fint. Dei har også lengre erfaring med appen.

h.

Rektorstillinga er no utlyst og me håper sjølvsagt på mange gode søkjarar. Reidun er rektor til ny rektor er på plass.

i.

Elevråd - gjekk i gjennom siste referat. Det var bl.a. ei sak om å få lov til å springe på sokkar på fotballbanen.

FAU er einig med elevrådet i at elevane må ha på seg sko på fotballbanen.

Det er eit flott elevråd som jobbar godt med ulike saker som gjeld dei og skulen.

Slagordet til Elevrådet er: **Sånne som oss – me bryr oss om andre!**

Sak 3

Nytt frå Barnehagen

Trine gjekk gjennom årsplanen som vart godkjent.

Det er 36 heile plasser, 12 barn på liten avd. og 24 plasser på stor avd.

Barnehagen sin visjon er: Lykkeleg som liten...

Tema for 2024/25 er på stor avd. «Dyrene i Hakkebakkeskogen» og på liten avd. er det «Livet på garden».

Eventuelt

Konstituere nytt FAU.

FAU leiar: Kine Krogh Eie

Kasserar: Brit Bjåstad

Sekretær: ikkje valt. Siv Astri Lekvam var referent på dette møte.

FAU hadde eit hastemøte i samband med invitasjonen til Levekårsutvalget 17. september 2024 –
Besøk på NSO.

Neste møte er 26. november 2024 kl. 18.00 for FAU og kl. 19.00 for SU.

Med helsing

Reidun Annette Vasstveit
verksemdsleiar/rektor
Nordre Strand oppvekstsenter

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur.